
Frå: Haakon Aase <haa-aase@online.no>
Send: tirsdag 11. juni 2019 12:24
Til: 'Arnt Brakstad'; Arne Mjåtveit; Bjørnar Norvald Langeland; Eli Hillsersøy; Haakon Aase; Helene Olli Sollid; Kjersti Langenes Bøen; Marie Morken; Åse Grønsnes; Åsmund Aase Fluge
Kopi: Hanne Marie Evensen; Eirik Bouwer Utne
Emne: Elias-huset - tilstandsvurdering og dokumentasjon

Hei!

Marie Morken gav meg ei kortfatta orientering om møtet de hadde på rådhuset i førre veke. Eg skreiv då straks ein grundig e-post til firmaet Gamle 3Hus i Bergen og skisserte kva type hjelp vi treng frå dei. Dei har jo, som de kjenner til, per 28.02.19 gjeve eit pristilbod på fylgjande tenester:

1. *Tilstandsvurdering (dvs. ei meir utførleg vurdering enn den førebels vurderinga til Roger Knutsen i Gamle 3Hus)*
2. *Oppmåling og oppteikning av plan, snitt og fasadar*

Som alle er klar over, er desse oppgåvene heilt avgjerande for gjennomføring av det prosjektet vi har sett oss føre.

Eg har i dag også hatt ein lengre samtale med ein representant for firmaet og informert om stoda. Dei skal ha eit internt møte i morgon og der blir det m.a. teke opp når dei kan ta tak i oppgåvene som er nemnde ovanfor. Eg fekk inntrykk av at dei var innstilte på å trø til så raskt som berre mogleg, men han nemnde at Gamle 3Hus har store arbeidsgåver på seg no, m.a. Hanseatisk museum på Bryggen i Bergen, og det like eins må takast høgde for at vi går inn i ei tid med ferie.

Til dykkar orientering er det nemnt frå Gamle 3Hus at dei gjerne vil peika ut éin kontaktperson som har med Elias-huset å gjera. Vi vil trenga noko rådgjeving når det gjeld sjølve det praktiske arbeidet med demonteringa, t.d. slike spørsmål som «kva må utførast av fagfolk?» og «kva kan dugnadsfolk gjera under rettleiing frå fagfolk?» Deretter kjem vi til spørsmål som gjeld skadedyrbehandling, lagringsmåte og lagringsstad m.m. der Gamle 3Hus og kan gje oss råd og rettleiing.

Eg vonar på eit svar frå Gamle 3Hus i morgon eller dei nærmaste dagane.

Beste helsing
Haakon Aase